

Hordaland fylkeskommune

KUP

Bergen, 1. juni 2017

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL OMBYGGING AV ALEXANDER GRIEG TURISTHYTTE: HEIS TIL FUNKSJONSHEMMA BARN OG UNGE

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) ønskjer å søke økonomisk støtte til prosjektet turisthytta Alexander Grieg ved Hamlagrø i Bergsdalen for å legge til rette spesielt for barn og unge med funksjonshemming. Vi ønskjer å installere ein heis i anlegget og sørge for at sanitæranlegget også er tilrettelagt for denne målgruppa.

Bergen og Hordaland Turlag har søkt om støtte over spelemidlane til sjølve renoveringsprosjektet hos Kulturdepartementet. Vi ber i denne søknaden om støtte til innkjøp av heis for rullestolbrukarar.

Vi håpar Hordaland fylkeskommune vil bidra med kr. 100 000,- til innkjøp av heisen.

Hordaland fylkeskommune vil få positiv omtale i våre medier og få logo eksponert på ei sponsortavle på hytta.

Kort om Alexander Grieg turisthytten

Hytta blei bygd i 1972 og har 34 sengeplassar, stor spisesal med kapasitet til skuleklassar, peisestove, kjøkken, dusj og toalett, tørkerom og leikerom med bordtennisbord. Det er innlagt straum og vatn. Hytta ligg 400 meter frå hovudvegen gjennom Bergsdalen, men rett ved bomveg som BHT har nøkkel til.

Hytta ligg i eit flott heilårs friluftsområde knytt til eit nett av **T**-merka stiar og flotte skiløyper som kvar vinter blir preparert av Hamlagrø løypelag. Området rundt hytta er idyllisk og gir rom for friluftslivsaktivitetar rett utanfor døra. Det er også fleire gode fiskevatn og badeplassar rundt hytta. Det er oppsettingsplass for lavvo på tunet og mange har si første overnatting ute her – i trygg avstand til hytte.

Målgruppe – fokus på barn og unge

Hytta er brukt hyppig i forbindelse med fjelleirar for barn og ungdom, introduksjonsturar til friluftslivet, skuleturar og familieturar. I løpet av eit år har Bergen

og Hordaland Turlag fleire hundre born og unge på denne turisthytte i samband med organiserte leiar og Basecamps. I vinter og påskeferiar har vi ei ordning med «fast opphald» kor familiar kan leige senger/rom.

Hytte vert elles leigd ut til private og organisasjonar.



Eit fint område for uteleik og friluftsliv rundt Alexander Grieg-hytta på Hamlagrø, Bergsdalen. Foto: Bergen og Hordaland Turlag

Prosjekt: funksjonshemma barn og unge

For første gong i BHT blir det tilrettelagt for rullestolbrukarar på ei DNT-hytte. Det vil vere tilrettelagt med heis for rullestol mellom 1. etg. (inngang og soverom) ned til underetasjen (sanitæranlegg).

BHT vil frå 2017 ha fokus på å inkludere funksjonshemma i vårt turtilbod gjennom satsinga *Klart det går*. Ombygging av Alexander Grieghytta vil vere eit viktig steg for å oppnå dette. Vi vil i større grad kunne inkludere enkeltpersonar som normalt ikkje har tilgang til friluftsliv gjennom hyttene til BHT. Funksjonshemma skal kunne delta på tilrettelagt opplegg på dei turane og det tilbodet som allereie eksisterer i Turlaget.

Per dags dato har BHT ingen hytter som er tilrettelagt for rullestolbrukarar.

Sjå vedlagte teikningar for løysing med sanitæranlegg og heis.

Gjennomføring

Underetasjen må byggast om og det skal bli plass til eit bad som er lagt til rette for rullestolbrukarar.

Det blir sett inn ein heis for rullestol i trapp og det skal lagast køyrbare vegar for rullestol inn til hovudetasje og rundt hytta til underetasje. Vi vil fjerne dørstokkar og lage vidare dørkarmar slik at rullestolane kjem seg lett rundt inne.

Ved ombygging vil det også bli kostnader knytt til nytt EL-anlegg og nytt VVS anlegg. Det skal også leggest nytt golv i heile underetasjen. Fasilitetane i dag er slitt og dårlig/defekt. Sanitæranlegget har ikkje blitt oppgradert sidan bygget blei sett opp i 1972.


Dette er første byggetrinn i prosessen. Vi vil fortsette oppgradering i 1og 2. etasje, samt utvendig 2018-2020.

Budsjett fase 1

Prosjektet for 2017 har budsjetttramme på 2 300 000 kroner. Vi søker 1/3 av midlane frå Tippemidlar frå Kulturdepartementet. Vi søker også om bidrag frå Olav Thon stiftelse og andre eksterne stiftelser, fond og bedrifter.

Heisen har vi fått tilbud på frå fire ulike leverandører og kostnaden ligg frå kr 180 000 til 260 000 eks. mva. avhengig av løysing.

BHT stiller med ein eigenkapital på 400 000 kroner i prosjektet. Sjå vedlagt budsjett for detaljar.



Klar for tur og leik i området rundt Alexander Grieg-hytta. Foto: Bergen og Hordaland Turlag

Vi kjem gjerne i møte og presenterer prosjektet nærmare.

På førehand mange takk.

Beste helsing,

Tore Johan Smidt
Styreleiar

Helene Ødven
Dagleg leiar